

		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga	Kontroll ved Nordfjord Miljøverk / Ivahola avfallsplass	RAPPORT

Namn og adresse på verksemda	Nordfjord Miljøverk Postboks 224 6821 Sandane	Arkivkode:	2005/4990 /471
Lovverk:	Sjå punkt 2 – Dokumentgrunnlag	Tidsrom for kontrollen:	20.09.2005
Kontrollør	Bjarne Nes	Kontaktperson i verksemda:	Staffan Hjohlman
Deltaking frå verksemda:	Svein Ottar Sandal Staffan Hjohlman Bengt Moen		

Innhald i rapporten:

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Andre tilhøve som vedkjem aktuelle kontrolltema er og omtalt.

Hovudkonklusjon:

Kontrollen gav ikkje grunnlag for å gje avvik.

Det er gitt ein merknad om kontroll med avfallet før deponering / vidare transport

Utarbeidd dato: 16.11.2005

For Fylkesmannen Bjarne Nes
kontrollør

Innhald

	Side
1. Innleiing	3
2. Dokumentgrunnlag	4
3. Avvik	5
4. Merknader	5
5. Andre tilhøve	5

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll av Nordfjord Miljøverk (Nomil) sitt mottak og deponering av avfall ved Ivahola avfallsplass i Gloppen den 20.09.2005.

Kontrollen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon som Statens forurensningstilsyn og fylkesmennene gjennomfører hausten 2005. Målet med aksjonen er å kontrollere at avfallsdeponia blir drivne forsvarleg og i samsvar med utsleppsløyve og gjeldande forskrifter. Det vart særleg sett på om deponia har ein god kontroll med det avfallet som blir teke i mot/deponert. Dette m.a. for å unngå at ulovleg avfall hamnar på deponia. For deponi som skal avviklast før 01.01.2009 omfattar kontrollen òg planane for og framdrift i arbeidet med avslutning.

Kontrollen vart gjennomført ved samtalar med ansvarlege for avfallshandteringa i Nomil, samtale med driftspersonale, gjennomgang av avfallsregistrering og diverse rutinar og journalar, og ved inspeksjon ved Ivahola avfallsplass.

Kort omtale av Ivahola avfallsplass og avfallshandteringa.

På avfallsplassen sitt område er det i dag:

- Mottak og lagring av farleg avfall / EE-avfall
- Mottak av sortert avfall frå private og næringslivet
- Mottak av restavfall
- Omlastingsstasjon for hushaldningsavfall
- Deponiområde
- Gassanlegg (uttak og brenning av deponigass)

Alt innsamla avfall frå hushaldningane blir køyrd til Ivahola for omlasting og vidare transport til forbrenning i Sverige.

NOMIL har fått avslag på søknaden om fritak frå kravet til botntetting av Ivahola avfallsplass, og det blir lagt opp til å avvikle å avvikla drifta.

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen:

- Ureiningslova
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 9
- Utsleppsløyve datert 28.04.1995 m/ending 30.10.1997.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta).
- Diverse korrespondanse mellom Nomil og Fylkesmannen

3. Avvik

Kontrollen gav ikkje grunnlag for å gje avvik.

4. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Kontrollen med avfallet som blir deponert eller levert vidare til sluttbehandling kan betrast

Kommentar: Det blir registrert mengde (vekt) og type avfall som kjem til avfallsplassen. Type avfall blir bestemt ut frå opplysningar frå avfallseigar/transportør, og ut frå noko visuell kontroll. Restavfall som kjem inn med renovasjonsbilane blir lagt på ein plattung for å bli lasta over i container ved hjelp av traktor med frontlessar.

Restavfall frå miljøstasjonane og næringslivet blir òg tippa på grusdekke oppe på ferdig fylling, og blir last ut over fyllingskanten ved hjelp av traktor med frontlastar.

Det er mogeleg med ein viss visuell kontroll av avfallet. Generelt vil det likevel vere vanskeleg å halde god kontroll med at for eksempel farleg avfall, EE-avfall og anna ulovleg avfall ikkje blir deponert eller sendt vidare til sluttbehandling.

Nomil må ha fokus på god kontroll med avfallet, og vurdere behovet for endra rutinar eller andre tiltak.

5. Andre tilhøve

Avvikling av drifta av deponiet.

Etter avslag på søknad om fritak for dobbel botntetting/reduisert deponiavgift, går det mot nedlegging av deponiet. Fylkesmannen føreset at Nomil utarbeider og legg fram ein tidfesta plan for avslutting og etterdrift. Hovudregelen er at deponi som ikkje skal drivast etter 2009 skal vere avslutta innan 01.01.2006. Ved særlege høve kan denne fristen utsetjast. NOMIL bør leggje til grunn at deponering av avfall ved Ivahola skal vere avvikla innan utgangen av 1. halvår 2006.